SCENE 2 Det Norske Teatret
Rosenkrantzgt. 11

Ödön von Horváth
DON JUAN KJEM FRÅ KRIGEN



615g019090

FORORD TIL «DON JUAN KJEM FRÅ KRIGEN»

Vi veit ikkje om Don Juan som historisk person har levd. Berre eitt er sikkert: at Don Juan som type har eksistert ein gong. Derfor er det like klart at han eksisterer i dag – og at denne typen vil eksistere til alle tider. Eg har altså tillatt meg å skildre ein Don Juan frå vår eiga tid, fordi vår eiga tid ligg nærmast. Tilsynelatande høyrer nok også denne Don Juan fortida til, fordi han døydde under den store inflasjonsperioden frå 1919–23. Altså i ei tid da alle verdiar – i den mest banale tydinga av ordet – vart forrykka. Men som sagt er det berre tilsynelatande ei forgangen tid, for vidsynet fortel oss at vi framleis lever under inflasjonspresset. Og det er ikkje oss gitt å seia når det vil ta slutt.

Det er typisk for våre dagar kor sterkt kvar enkelt av oss blir forandra i vårt inste vesen som følgje av dei katastrofar som til vanleg råkar oss. Slik kjem da også Don Juan attende frå krigen og innbiller seg at han er blitt eit anna menneske. Men – han er og blir den same. Han kan ikkje anna. For kvinnene slepp han ikkje unna.

Gåta kring Don Juan har ein gjennom fleire hundreår freista løyse på eit mangfald vis. Men gåta er uløyseleg. Personen har gjennomgått eit utal forvandlingar gjennom tidene, frå det heilt primitive synet som gjorde han til ekteskapsbrytar, mordar og eit menneske utan respekt for dei døde – til den psykologiske innfallsvinkelen, som gjorde han til livstrøytt levemann. Han lever sitt liv i mytar og segner som ein forskrekkeleg forbrytar, ein mann som lik ei naturkraft går til storm mot vanleg sed og skikk. Han er den store forføraren som på nytt og på nytt blir forført av kvinner. Alle fell dei for han, men ... Og dette «men» burde vera det avgjerande: Verkeleg elska blir han ikkje av nokon. (Derfor har heller ikkje dette stykket noka kjærleiksscene.)

Kva er det som driv berre kvinner til Don Juan? Det er ikkje eine og åleine den mannlege seksualiteten, som Don Juan utan tvil er den sterkaste representanten for. Nei, det er snarare den spesielt inderlege og utprega metafysiske bindinga ved denne seksualiteten – ei binding som kvinnene ikkje kan unndra seg. Don Juan søkjer alltid det fullkomne, altså noko som ikkje finst her på jorda. Og kvinnene vil gong på gong prove – både for han og for seg sjølve – at alt det han søkjer, det kan han finne nett på jorda. Kvinnene si ulykke er at dei har ein jordisk horisont. Først da det med eit gys går opp for dei at det ikkje er livet, men snarare døden han søkjer, dreg dei seg skremde attende. Don Juans tragiske skuld er at han gong på gong gløymer eller til og med spottar sin eigen lengt, og dermed blir han eit kynisk offer for sine eigne handlingar. Men ikkje utan sjelesorg.

Ödön Horváth

ÖDÖN VON HORVATH: BIOGRAFISKE DATA

1901 Den 9. desember blir Edmund (Ödön) Josef von Horváth fødd i Susak, ein forstad til Fiume. Faren, dr. Edmund Josef von Horváth, var tilsett i diplomatiet, mora heitte Marie Hermine og var fødd Prehnal.

1902 Familien flyttar til Beograd.

1903 Broren Lajos blir fødd i Beograd.

Saman med broren Lajos i 1905.

1908 Familien flyttar til Budapest. Ödön får sin første undervisning i ungarsk av ein huslærar.

1909 Dr. Horváth blir forflytta til München. Ödön blir verande i Budapest, der han bur i det erkebisplege internatet Rákóczianum, og får ei intens religiøs oppseding.

1913 Ödön blir henta heim til foreldra i München.

1914 Horváth byrjar på Wilhelmsgymnaset i München. Her er han djupt ueinig med religionslæraren, Dr. Heinzinger, ein strid som ulmar i han i årevis, og som sidan ofte dukkar opp i det han skriv.
Faren blir utkalla til krigen.

1915 Dr. Horváth blir kalla attende frå krigen, og beordra til München att.

1918 Like før krigen er slutt, blir Dr. Horváth utnemnd til ein post i Budapest. Der støyter Ödön saman med ein krins av unge menneske (den såkalla Galileikrinsen) som les verka til den nasjonal - revolusjonære Endre Ady med begeistring. Han blir svært interessert i dei maktpolitiske kampane i Budapest.

1919 Om våren blir Dr. Horváth enda ein gong forflytta til München. Ödön reiser til Wien, der han bur under oppsyn av ein onkel, og går på Real-gymnaset. Om sommaren får han sin artium, og sluttar seg til familien i München.



Horváth i 1919.

Om hausten blir han immatrikulert ved Ludwig-Maximilian-universitetet i München, der han følgjer forelesningar fram til vintersemestret 1921/22.

1920 Møter komponisten Siegfried Kallenberg i München, inspirert av han oppstår «Das Buch der Tänze».

1922 «Das Buch der Tänze» kjem ut på forlaget El Schahin i München i eit opplag på 5000. Seinare – i 1926 – kjøper Horváth med hjelp av faren opp restopplaget og tilinkjegjer alle tilgjengelege eksemplar. Den 7. februar blir «Das Buch der Tänze» oppført i München, det er den «I. litterær-musikalske aftan til Kallenberg-selskapet». Horváth freistar seg vidare som forfattar – ein reknar med at «Ein Epilog» blir til på denne tida, og den «romantiske novella» «Amazonas».

1923 Horváth reiser til feriestaden åt foreldra i Murnau. Arbeider intenst med å skrive, men øydelegg nesten alle manuskripta. Sannsynlegvis skreiv han her fragmentet «Dósa» og skodespelet «Mord in der Mohrengasse», einskilde motiv herifrå dukkar opp i dei seinare folkestykka. Ved sida av korte prosaskisser, skreiv han òg «Sportmärchen», som – i 1924 og seinare – vart prenta i ulike tidsskrift og aviser.

1924 Den 26. mars kom enda ein gong Horváth-tekster det offentlege for øyre, med den «III. litterær-musikalske aften til Kallenberg-selskapet».

Om hausten reiste Horváth saman med broren Lajos til Paris i fleire veker, etter denne turen bestemte han seg til å slå seg ned i Berlin.

1926 «Das Buch der Tänze» blir uroppført på Stadttheater Osnabrück. Kritikken er negativ, men Horváth held fram med å skrive skodespel, i denne tida folkestykket «Revolte auf Cote 3018» og komedien «Zur schönen Aussicht».

1927 I kontoret til «Den tyske liga for menneskerettar» i Berlin finn Horváth stoffet til eit minneskrift om justiskrisa; her støyter han òg på materiale omkring dei løynde morda utførte av det svarte riksvernet.

Det fragmentariske skodespelet om «Fall Ella Wald» blir skrive på denne tida. Den 4. november har «Revolte auf Cote 3018» urpremiere i Hamburg. Etter uroppføringa omarbeider Horváth folkestykket sitt og kallar det «Die Bergbahn».

1928 Horváth reiser til Spania, og opplevingane hans på turen finn ein seinare att i første delen av romanen «Der ewige Speisser».

Horváth omarbeider historia «Sladek oder Die schwarze Armee» og gir nyskapnaden tittelen «Sladek der schwarze Reichswehrmann».

1929 Den 4. januar har «Die Bergbahn» urpremiere i Berlin. Forlaget Ullstein byd han ein kontrakt og gjer det dermed mogleg for han å leve som fri forfattar. Ut frå eit tidlegare utkast oppstår farsen «Rund um den Kongress». Det første kapitlet til ein roman med tittelen «Herr Reithofer wird selbstlos» er grunnlaget til «Der ewige Speisser».

Den 13. oktober får «Sladek der schwarze Reichswehrmann» urpremiere på ein matiné, stykket provoserer heftige åtak frå nasjonalsosialistane.

1930 Horváth avsluttar romanen «Der ewige Speisser», og den kjem ut på Propyläen-forlaget. Teateravdelinga ved dette forlaget – Arcadia – gir etter kvart ut stykka hans. Gir fleire forfattar-kveldar, m.a. i München.

Personar han har møtt og ting han har opplevd blir forma og gitt uttrykk i folkestykket «Italienische Nacht».

1931 Urpremiere på «Italienische

Nacht» i Berlin 20. mars. Horváth skriv ferdig «Geschichten aus dem Wiener Wald», som han har arbeidd med lenge.
I juli blir Horváth kalla inn som vitne i ei rettssak som gjeld eit regelrett slag i eit møtelokale der han var til stades, pga vitneprovet sitt blir han utsett for nye åtak frå nasjonalsosialistane.

Horváth i 1931.

Om hausten får han saman med Erik Reger Kleistprisen, etter framlegg frå Carl Zuckmayer.
Urpremieren på «Geschichten aus dem Wiener Wald» på Deutschen Theater i Berlin blir ein avgjerande suksess for Horváth.
Max Reinhardt oppmuntrar Horváth og fleire andre til å skrive ein revy, men etter fleire til dels artige utkast blir arbeidet lagt bort.
Han skriv folkestykket «Kasimir und Karoline».

1932 Blir oppfordra av ein ven han møter i München til å skrive eit stykke om «dei små paragrafane». Resultatet «Glaube Liebe Hoffnung» har ein autentisk basis, men han omarbeider det fleire gonger.
Opplesingskveldar og intervju provar Horváths veksande popularitet.
Den 18. november blir «Kasimir und Karoline» oppført første gongen, i Leipzig, og ei veke seinare i same innstuderinga i Berlin. Horváth ser seg nøydd til å skrive ei tilvising for stykka sine.

1933 Heinz Hilpert blir tvinga av nazistane til å leggje vekk «Glaube Liebe Hoffnung», som han hadde kjøpt inn til førsteframføring. Andre planlagte oppføringar av Horváth-stykke på tyske scener må òg leggjast vekk. I Murnau blir feriestaden til foreldra gjennomsøkt av ein SA-tropp. Den ungarske ambassadøren protesterer. Ödön von Horváth forlét Tyskland, reiser til Salzburg og til slutt til Wien. Skriv «Die Unbekannte aus der Seine».
For å halde på den ungarske statsborgarskapen må Horváth reise til Budapest. Røynslene frå denne turen kjem til uttrykk i farsen «Hin und her». Den 27. desember giftar Horváth seg med songarinna Maria Elsner i Wien. Året etter blir ekteskapet oppløyst.

1934 Den planlagde uroppføringa av «Die Unbekannte aus der Seine» i Wien blir ikkje noko av.
Horváth reiser attende til Berlin for å studere nasjonalsosialismen, som han ønskjer å skrive eit stykke om. Inntrykka hans finn ein i utkastet til og dei få scenene frå «Der Lenz ist da!» Dei same motiva nyttar han òg i romanen «Jugend ohne Gott». I Berlin kjem han i kontakt med filmindustrien og skriv ein del for film, seinare tek han avstand

frå filmarbeidet sitt. Inspirert av motiv han har vore inne på tidlegare, skriv han «eventyret» «Himmelwärts», som eit teaterforlag i Berlin kjøper alt same året, men som dei ikkje lenger kan få plassert i Tyskland.
Nasjonalsosialistane set i gang nye undersøkingar mot Horváth.
Den 18. desember har «Hin und her» urpremiere i Zürich. Horváth nyttar dette høvet til å forlate Tyskland, saman med skodespelarinna Wera Liessen.

1935 Fleire planar, skisser og fragment frå temaområdet «flukt frå notida» blir nedskrivne. Saman med broren Lajos planlegg han ein illustrert kortroman med tittelen «Die Reise ins Paradies». På grunn av økonomiske vanskar tek han imot eit oppdrag frå forlaget Max Pfeiffer om å skrive eit lystspel — «Mit dem Kopf durch die Wand». Han omarbeider sjølv stykket fleire gonger, men etter uroppføringa forkastar han det heilt.

1936 Skodespelet «Der jüngste Tag» blir ferdigskrive, og i rask rekkjefølgje, delvis på grunnlag av tidlegare utkast, kjem stykka «Figaro lässt sich scheiden» og «Don Juan kommt aus dem Krieg». I denne tida bur han for det meste i Wien og i Hanndorf ved Salzburg. Da han vitjar foreldra sine i Murnau i august, får han melding om at opphaldsløyvet hans er inndrege, og at han må forlate Tyskland innan 24 timar. Den 13. november har «Glaube Liebe Hoffnung» urpremiere i Wien under tittelen «Liebe, Pflicht und Hoffnung».

1937 Horváth tek avstand frå nesten alle skodespela sine, og bestemmer seg for å skrive ein «menneskets komedie». Lystspelet «Ein Dorf ohne Männer» og «komedien om eit jordskjelv», «Pompeji», som var blitt skrivne i mellomtida, var dei einaste to stykka Horváth var villig til å integrere i sin «menneskets komedie».
I Henndorf skriv Horváth romanen «Jugend ohne Gott». Praha har urpremiere på «Figaro lässt sich scheiden» 2. april, og 24. september på «Ein Dorf ohne Männer». Om hausten kjem romanen ut i Amsterdam, på forlaget Allert de Lange, og den blir ein dundrande suksess. Talrike utanlandske forlag kjempar om retten til å setje om. Horváth byrjar på ein ny roman, «Ein Kind unserer Zeit».
«Himmelwärts» blir uroppført på ein matiné i Berlin i ein omarbeidd versjon 5. desember, og 11. desember følgjer «Der jüngste Tag» i Mährisch-Ostrau. Fram mot nyåret blir den siste romanen ferdig og send til Allert de Lange.

1938 Horváth gjennomgår ein sterk depresjon, han er misnøgd med det kunstnarlege, han har store økonomiske vanskar — og til saman gjer alt dette det vanskeleg for han å verkeleggjere planar vidare. Av romanutkastet «Adieu Europa» finst berre få sider — i fleire variantar. I mars flyktar vennene hans frå Wien: Walter Mehring til Zürich, Hertha Pauli til Paris, Franz Theodor Csokor til Polen. Sjølv forlet han òg Wien og tek imot ei innbying til Lajos von Hatvany i Ofen.
I april reiser Horváth til skodespelarinna Lydia Busch i Teplitz-Schönau, han blir der i nokre veker, vil fly frå Praha til Amsterdam, men let likevel desse planane falle.
I byrjinga av mai reiser han over Budapest—Jugoslavia—Trieste—Venezia og Milano til Zürich.
Den 17. mai kjem han til Brüssel og reiser vidare til Amsterdam.

Den 28. mai kjem han til Paris for å snakke med Armand Pierhal, som har omsett «Jugend ohne Gott» og «Ein Kind unserer Zeit», og Robert Siodmak, som vil filme «Jugend ohne Gott».

Horváth i 1938.



1. juni treffer han Siodmak, og tenkjer å reise til Zürich morgonen etter. Om lag kl. 19.30 blir han drepen av ei grein som fell av eit tre i uveret, rett over gta frå Théâtre Marigny.
Den 7. juni blir han gravlagd på St. Ouen-gravplassen nord i Paris.

1952 Den 12. november har «Don Juan kommst aus dem Krieg» sin urpremiere på Theater der Courage i Wien, med Robert Werner som Don Juan og i Edwin Zboneks regi.

Da Ödön von Horváth vart beden om å skrive litt om seg sjølv til teaterprogramma for stykka hans, var dette det han sende inn:

Ödön og Lajos saman med faren.

Eg vart fødd den 9. desember 1901, i Fiume ved Adriatarhavet, klokka kvart på fem om ettermiddagen (i følgje ei anna overlevering klokka halv fem). Da eg vog trettito pund, forlét eg Fiume og dreiv omkring, dels i Venezia og dels på Balkan, og opplevde alle slags ting, m.a. mordet på kong Alexander av Serbia og ektemaken hans. Da eg var blitt 1,20 m høg, drog eg til Budapest og budde der til eg var 1,21. Var der på staden ein ivrig vitjar av dei talrike leikeplassane for barn og verka påfallande på grunn av mitt drøymande og skadefro vesen. Da eg hadde nådd ei høgd på om lag 1,52, vakna Eros i meg, men i byrjinga utan å valde meg særleg bry – (min kjærleik til politikk var allereie da ganske påtakeleg).

Mi interesse for kunst, og da særleg for den skjønne litteratur, vakna relativt seint (ved ei høgd på omlag 1,70), men først ved 1,79 vart det ein trong, visseleg ikkje ein uimotståeleg trong, men likevel til stades. Da verdskrigen braut ut, var eg alt 1,67, og da den så slutta, var eg alt 1,80 (eg skaut i veret svært raskt under krigen). Da eg var 1,69 hadde eg mi første utprega seksuelle oppleving – og i dag, da eg for lengst har slutta å vekse (1,84), tenkjer eg med eit mildt vemod attende på desse dagane fulle av aning og voner.

I dag veks eg berre i breidd – men dette kan eg enno ikkje fortelje Dykk om, for det ligg meg enno for nære, ser De.



Teikning av Ödön von Horváth frå 1910.

Ödön von Horváth
DON JUAN KJEM FRÅ KRIGEN

Omsett av:	**SVEIN SELVIG**
Regi:	**HARALD HOAAS**
Regiassistent:	**PETER BERGMANN**
Dekor:	**SNORRE TINDBERG**
Kostyme:	**RANDI SKAHJEM**
Parykkmakar:	**DORO WALSTAD**
Lyd:	**MENY BLOCH**
Inspisient:	**EGIL ROLLAND**
Rekvisitør:	**BIRGER GUSTAV RASMUSSEN**
Sufflør:	**BERIT SCHJELDERUP**

Teaterforlag: Arlecchino Teaterförlag
Programredaksjon: Halldis Hoaas
Foto: Sturlason
Trykk: Norsk Prent L/L, Oslo

Don Juan	OLE-JØRGEN NILSEN
Første soubrette Oversystera Mora Første gamle kone	ELISABETH BANG
Andre soubrette Enkja Første dame	KARI RASMUSSEN
Første kone Nabokona Andre gamle kone Vertinna Den tjukke	ANITA RUMMELHOFF
Bestemora	INGRID ØVRE
Tenestjenta Andre dame Den maskekledde Den blonde	KARIN HAUGEN
Første gatejente Serveringsdama Tredje dame Den mørke Første småjente	EVA SOLBAKKEN
Andre gatejente Andre dotter Første landsbyjente Andre småjente	ULRIKKE GREVE
Sjukesystera Første kunstnarinne Første dotter Fjerde dame Andre kone	RAGNHILD NYGAARD
Andre kunstnarinne Dame frå Bern Andre landsbyjente Tredje kone	METTE TANK

TID OG STAD

«Det sit ein snømann
på benken,
han er ein soldat,
og du, du vil bli
større og du vil ikkje
gløyme soldaten.
Eller?
Gløym han ikkje,
gløym han ikkje!
For han gav armen sin
for ein skit.
Og du vil bli stor
og det vil kan hende
kome andre dagar og
barna dine vil seie
til deg: denne soldaten var
jo ein simpel mordar,
da – skjell ikkje ut meg.
Tenk likevel over dette: han visste
ikkje annan måte å hjelpe seg på,
han var berre eit barn av si tid.»

Første akt: KRIGEN ER SLUTT

1. Eit front-teater.
2. På heimstaden.
3. I ein småby.
4. På gatehjørnet.
5. Rommet til den andre gatejenta.
6. På sjukehuset.
7. Rommet til bestemora.

Andre akt: I INFLASJONSVRIMMELEN

1. Korridor på sjukehuset.
2. Ein kafé.
3. Rommet hos mora.
4. Heime hos ein inflasjonsspekulant.
5. Balkonglosjar i den store operaen.
6. På skøytebanen.
7. Rommet hos mora.
8. Atelieret til dei to kunstarinnene.
9. Rommet hos mora.

Tredje akt: SNØMANNEN

1. Ein trappeoppgang.
2. Rommet hos mora.
3. Heime hos inflasjonsspekulantane.
4. I skogen med djup snø.
5. Snømannen.
6. På vertshuset.
7. Framfor huset til bestemora.
8. På kyrkjegarden.



HORVATH OM HORVATH

Min generasjon, som var i røysteskiftet i dei store åra, kjende berre det gamle Austerrike-Ungarn frå omtale, dette førkrigsdobbeltmonarkiet, med to dusin nasjonalitetar, med den mest bornerte lokalpatriotisme side om side med resignert sjølvironi, med sin urgamle kultur, sine analfabetar, sin absolutte feudalisme, sin spissborgarlege romantikk, spanske etikette og godslege forfall.

Min generasjon er som kjent svært mistruisk, og innbiller seg at den ikkje eig illusjonar. I alle høve har den langt færre enn den generasjonen som gav oss desse herlege tider. Vi er så heldige at vi får lov til å tru at ein kan leve utan illusjonar. Det er kan hende vår einaste illusjon. Eg feller ingen tårer over det gamle Austerrike-Ungarn. Det som er morkent, skal bryte saman; dersom eg var morken, ville eg bryte saman, og – trur eg – utan å felle tårer over meg sjølv.

. . .

Eg vart fødd i Fiume, voks opp i Beograd, Budapest, Pressburg, Wien og München, har eit ungarsk pass – men «heime»? Veit eg ikkje kva tyder. Eg er eit typisk produkt av det gamle Austerrike-Ungarn, ei blanding: madjarisk, kroatisk, tysk, tsjekkisk – namnet mitt er madjarisk, morsmålet mitt tysk. Eg snakkar utan samanlikning tysk best, skriv no berre tysk, høyrer heime i den tyske kulturkrinsen, i det tyske folket. I alle høve: omgrepet «fedreland», nasjonalistisk forfalska, er framandt for meg . . . Altså, som sagt: Eg har ikkje noko heimland og lid naturlegvis ikkje under det, tvert om gler eg meg over heimløysa mi, for den frir meg frå ein unødig sentimentalitet.

. . .



Mens eg gjekk på skolen, bytta eg undervisningsspråk fleire gonger, og eg slutta nesten kvar klasse i ein annen by enn der eg byrja. Resultatet vart at eg ikkje kunne noko språk skikkeleg. Da eg første gongen kom til Tyskland, kunne eg ikkje lese noka avis, for eg kjende ikkje dei gotiske bokstavane, jamvel om morsmålet mitt er tysk. Først da eg var 14 år gammal, skreiv eg den første tyske setninga.

. . .

Da den såkalla verdskrigen braut ut, var eg 13 år gammal. Tida før 1914 hugsar eg berre som ei keisam biletbok. Alle barndomsopplevingane mine gløymde eg under krigen. Livet mitt byrjar med krigserklæringa.

. . .

Vi som i dei store åra var midt i slyngelalderen, var lite elska. Folkemeininga trekte den konklusjonen av det faktum at fedrane våre anten hadde falle i felten eller skulka unna militærteneste, anten var blitt sundrivne krøplingar eller ågerkarar, at vi krigslømlar ville ende som forbrytarar. Det kunne blitt sanning av det, dersom vi ikkje hadde gitt ein god dag i at pubertetsåra våre fall saman med verdskrigen.

Vi var blitt råe, kjende korkje medkjensle eller ærefrykt. Vi hadde ikkje sinn for anten musene eller den udøyelege sjela – og da dei vaksne braut saman, vart vi verande uskadde. I oss har ingenting brote saman, for vi hadde ingenting. Vi hadde hittil berre observert og teke til kunnskap. Vi hadde teke til kunnskap – og vi gløymer ingenting. Dersom einskilde av oss i dag hevdar det motsette – for slike erindringar kan bli lite laglege — da lyg dei.

. . .

Alle stykka mine er tragediar, dei blir berre komiske fordi dei er uhyggjelege.







«Det notidige i Horváths verk forferdar meg. Han treffer nøyaktig på håret den åndelege tilstanden som vi gjennomlever i dag, med sine spenningar, sine spørsmål og sin tvil, og han kritiserer den allereie! Denne tilstanden var altså allereie den gongen, i mellomkrigstida, til stades. Berre få såg den, Horváth har formulert den.»

Piero Rosmondo

DRAMATIKAR I KRISETID

Få dramatikarar frå mellomkrigstida har lagt så ettertrykkeleg vekt på å skildre røyndommen førstehands, som den gammalausterrikske Ödön von Horváth, som trass i sitt ungarske pass var ein tysk diktar. Mange litteraturhistorier reknar han som heimehøyrande i den «Neue Sachlichkeit». (Andre vil enno ikkje kjennast ved han.) Da han byrja skrive, var allereie ekspresjonismen i ferd med å døy, og vi kan berre merke innverknad derifrå i det første publiserte stykket, «Revolte auf Cote 3018». Og seinare hentar han ikkje sin stil og sine tema frå litteraturen, men frå den banale kvardagen. Han levde, for berre å nemne dette eksemplet, side om side med Brecht i Berlin (og delte elles Brechts begeistring for boksekampar), men vart like lite influert av Brecht som av nokon annan.

Ein kunne kalle Horváth ein ironisk-naiv realist, som oppfatta og avspegla det som utspela seg rundt han; at resultatet ofte var kunst, ligg i det filtret hans eigen personlegdom utgjorde.

At ein forfattar med slike ambisjonar – mangel på ambisjon ville nok einskilde hevde – naudsynleg må bli ein historieskrivar for si tid, ligg ope i dagen. Den tyske situasjonen som han held fast for oss i verka sine, let seg



risse opp i få ord: inflasjon og økonomisk krise. Da studenten Ödön von Horváth for første gong våga seg på å skrive eit skodespel, det heitte «Der Mord in der Mohrengasse», skreiv vi året 1923 og for ein gullmark fekk ein ein billion papirmark. Da ein for siste gong, før Hitler tok over makta i Tyskland, kunne oppføre eit stykke av Horváth, i året 1932, fanst det med over 5,5 millionar arbeidslause ein kriserekord – stykket heitte elles «Kasimir und Karoline» og handla om ein som mistar jente si fordi han er blitt oppsagd.

Den som ønskjer å vite korleis menneska i Mellom-Europa var til mote i desse kriseåra, treng berre å lese Horváth.

Kurt Kahl

KOMMENTAR TIL HORVATH-RENESSANSEN

«Horváth-renessansen var tvingande naudsynt, og er svært gledeleg. At den har sett i gang ein Horváth-mote, var vel ikkje til å unngå, og er visseleg inga ulykke. Men at det òg oppstår ein Horváth-myte, finn eg både ergerleg og skadeleg. Men overraskande er det ikkje. Først blir uvelkomne diktarar utskjelte og forfølgde, iheltagde og gløymde – og så omsungne og dyrka, glorifiserte og monumentaliserte. Det er ein vakker tysk tradisjon.

. . .

Det er utruleg og likevel stemmer det: ungararen Horváth var ein tysk dıktar,

personlegdomen hans stemmer på eit hår med det prøyssiske klisjebiletet av ein typisk austerrikar. Han var lettsindig og livsglad, sjarmerande og riddarleg, leikande lett og samstundes grov, lite alvorleg og lite påliteleg, ein liten eventyrar og ein stor nytar, ein litt klossete tusenkunstnar med humor og ein svært sympatisk einstøing med fantasi, eit naivt naturbarn og samstundes eit lidenskapleg storbymenneske. Han interesserte seg lite for litteraturen, han gjekk sjeldan og ugjerne i teatret – til og med når dei spela hans eigne stykke. Derimot elska han tivoli, parkar og sportsstadion, Wiener-kafear, billige restaurantar og forstadskneiper. Der søkte han – blir det oss no fortalt – det enkle folket, for å studere livet deira og dermed kunne framstille det på scenen. Dette er om lag like riktig som å påstå at grunnen til alle Goethes intime forhold til vakre kvinner, var ønsket hans om å lære å kjenne løyndommane i den kvinnelege sjela.

Nei, Horváth levde ikkje for å skrive, han måtte heile tida skrive for å leve. Eit yrke hadde han aldri lært, studiet han byrja på i München i 1919 ville han snart ikkje vite av, som forfattar var og blei han ein dilettant, rett nok ein genial dilettant.

. . .

Lykka og elendet i det menneskelege tilværet – for Horváth manifesterte desse seg framfor alt i kvinner og kvinnelagnader. Slik kan òg eit faktum i samband med døden hans synast som ei likning. Nei, eg tenkjer ikkje på denne greina som fall i uveret og drap han i Paris 1. juni 1938. Eit anna omstende, tilsynelatande uviktig og løyndomsfullt, synest for meg symbolsk: I lommeboka til Horváth, denne lettsindig-geniale diktaren, som søkte Gud og elska livet, fann ein korkje ein Bibel eller ei diktsamling. Ein fann ei pakke nakenbilete.»

Marcel Reich-Ranicki

SPELPLANEN PÅ DET NORSKE TEATRET

På Hovudscenen:

Gustaf af Geijerstam

STORE-KLAS OG VESLE-KLAS

Regi: Kjetil Bang-Hansen,
scenografi: Anna Gisle.

Henrik Ibsen
EN FOLKEFIENDE

Regi: Ingebjørg Sem, scenografi: Arne Walentin.

Johan Falkberget/Harald Tusberg

BØR BØRSON JR.

Musikk: Egil Monn-Iversen.
Regi: Sverre Udnæs.
Koreografi: Henny Mürer.
Kostyme: Grethe Wang.

HENRIK IBSEN
ET DUKKEHJEM

Regi: Elisabeth Bang og Pål Skjønberg,
scenografi: Arne Walentin

På Scene 2:

tennessee williams
varsel for små farty

Regi og scenografi: Bjørn Endreson.

SO VANDRA DEI TIL MÖTE

Ein vise- og lyrikk-kveld med Tone Ringen.
Scenisk tilrettelegging: Bjørn Jenseg.

Neste premiere

John McGrath
BAKKES STORE NATT

Regi: Jon Heggedal
Scenografi: Snorre Tindberg